



Sogndal KrF har vore så heldige å få besøk av **Hilde Frafjord Johnson** tysdag 22. september 2016.

Denne dagen vil ho besøkje Sogndal vidaregåande skule og Høgskulen i Sogn og Fjordane. På skulane vil ho snakke med utgangspunkt i temaet:

- **«En mer rettferdig verden – er det mulig?»**

Ho vil og ha eit kort møte med politisk leiing i kommunen.

I tillegg vil ho vere hovudtalar på eit ope møte i lokala til Sogndal indremisjon(SIM) om kvelden. Temaet hennar då er;

- **«Skaper vi menneskeverd – skaper vi fred»**

og med dette som verdigrunnlag set me fokus på;

- **Korleis arbeide med integrering av nye landsmenn i våre lokalsamfunn?**

- Hilde Frafjord Johnson har dei siste ti åra vore Spesialrepresentant for FNs generalsekretær i Sør-Sudan, og leia FNs fredsbevarande operasjonar i landet i tre år. Før dette var ho visegeneraldirektør og nestsjef i UNICEF i fire år. Ho har og hatt leiarstilling i Afrikabanken.
- Ho var sentral i norsk politikk som Utviklingsministar i Bondevik I og Bondevik II regjeringa.
- Frå mars 2016 har Hilde Frafjord Johnson vore tilsett som generalsekretær for KrF.